

NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**

Nr. 6 26. februar 2010



Innhald

Bergen forskningsstiftelse
Realfag for framtida
Å takle tvil!
Litt publiseringsstatistikk
Utdanningsstillingar, statistikk

Bergen forskningsstiftelse

Eg minner om at søknadsfristen for Bergen forskningsstiftelse er 12. mars og at søknadane må gå via instituttet (instituttet skal støtta) http://www.uib.no/bfs/03_instr/BFS-Call2010.pdf
Instituttet bør difor ha søknadane seinast 9. mars.

Realfag for framtida



Kunnskapsdepartementet sin nye strategi finn ein her:

<http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Realfag%20for%20framtida.pdf>

Å takle tvil!

”Dubito ergo sum? Ni jenter møter naturfaglig kunnskap”

Føredrag ved Guðrún Jónsdóttir

17.3 kl. 1615 i auditorium π , Matematisk institutt

<http://www.uib.no/mnfa/laererutdanning/InnleggGuðrunJonsdottir.pdf>



Litt publiseringsstatistikk



"Surely you were aware when you accepted the position, Professor, that it was publish or perish."

Registreringa av vitskapelege artklar for 2009 er ferdig og eg har laga litt statistikk.

Artiklane har eg delt i tre kategoriar:

U – med utanlandsk medforfattar

N – med norsk medforfattar utanfor instituttet (men ikkje utanlandsk)

I – med alle forfattarane ved instituttet

| | Journal | | | | Proceedings | | | | | |
|------|---------|----|----|----|-------------|--------|----|---|----|------|
| | Totalt | U | N | I | U% | Totalt | U | N | I | U% |
| 2004 | 90 | 57 | 10 | 23 | 63,3 | 11 | 7 | 0 | 4 | 63,6 |
| 2005 | 75 | 47 | 7 | 21 | 62,7 | 26 | 10 | 1 | 15 | 38,5 |
| 2006 | 78 | 41 | 6 | 31 | 52,6 | 26 | 11 | 0 | 15 | 42,3 |
| 2007 | 91 | 48 | 17 | 26 | 52,7 | 27 | 10 | 2 | 15 | 37,0 |
| 2008 | 121 | 84 | 6 | 31 | 69,4 | 29 | 13 | 3 | 13 | 44,8 |
| 2009 | 125 | 83 | 9 | 33 | 66,4 | 36 | 17 | 3 | 16 | 47,2 |

For journalartiklar, som utgjer størstedelen har vi hatt ein jamn auke siste fem åra, og om lag 2/3 har utanlandsk medforfattar. For proceedingsartiklar har talet vore nokså stabilt og nær halvdelan har utanlandsk medforfattar.

Kvar kjem medforfattarane frå?

For 2009 er fylgjande 29 land representert:

Europa: Austerrike, Belgia, Danmark, England, Frankrike, Hellas, Irland, Island, Italia, Kroatia, Nederland, Noreg, Polen, Russland, Tsjekkia, Tyrkia, Tyskland, Sveits, Spania, Sverige

Asia: India, Iran, Israel, Kina

Amerika: Canada, Chile, Mexico, USA

Oseania: Australia

Det er interessant å sjå på ulikskapar i publikasjonsmønsteret for ulike grupper. I tabellane nedanfor er tala for 2009 splitta opp gruppevis og for talet på medforfattarar. Forkortinga 3NU, t.d. betyr artikkel med 3 forfattar totalt, og med både norske (utanfor instituttet) og utanlandske medforfattarar, 4I betyr artikkel med 4 forfattarar, alle ved instituttet, osb.

I tabellen for proceedings er tatt med alle reelle proceedingsartiklar, også i t.d. LNCS som i Fridaregistreringa er klassifisert som journalartiklar.


| Journal | 1I | 2I | 2N | 2U | 3I | 3N | 3U | 3NU | 4I | 4N | 4U | 5N | 5U | >5I | >5N | >5U | >5NU | SUM |
|---------|----|----|----|----|----|----|----|-----|----|----|----|----|----|-----|-----|-----|------|-----|
| ALG | 1 | 2 | | 5 | 2 | | 5 | 1 | 1 | | 3 | | 1 | | | 3 | | 24 |
| BIO | | | | | | 2 | | | | | 1 | | 2 | | 2 | 1 | 2 | 10 |
| PUT | 3 | 3 | 1 | 2 | 2 | | | | | | | | | | | | | 11 |
| OPT | | 1 | | 3 | | | 5 | | | 1 | | | 1 | | | | | 11 |
| SK | 6 | 3 | | 2 | | | 5 | | | | 1 | | 1 | 1 | | 1 | | 20 |
| VIS | | | | | | | | | | | 2 | 1 | | | 1 | | | 4 |

| Proc | 1I | 2I | 2N | 2U | 3I | 3N | 3U | 3NU | 4I | 4N | 4U | 5N | 5U | >5I | >5N | >5U | >5NU | SUM |
|------|----|----|----|----|----|----|----|-----|----|----|----|----|----|-----|-----|-----|------|-----|
| ALG | 1 | 5 | | 4 | 3 | | 12 | | | | 7 | | | | | 4 | | 36 |
| BIO | | | | | | | | | | | | | | | | 2 | 1 | 3 |
| PUT | 2 | 4 | | 1 | 1 | | | | | 2 | | | | | | | | 10 |
| OPT | | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | 5 |
| SK | 3 | 1 | | 2 | 1 | | 4 | | | | | 1 | | | | 1 | | 13 |
| VIS | | 1 | | 1 | 1 | | 1 | | | | 3 | 1 | 1 | | | 2 | | 11 |

Her er oppsummerande tabellane og også tabell over publisering på nivå 2. T.d. har algoritmegruppa 17 journalartiklar med utanlands medforfattar og dei har 7 artikkel på nivå 2, noko som utgjer 29% av journalartiklane deira.

| | Journal | | | | | Nivå 2 | %nivå 2 | Proc. | | | | |
|-----|---------|---|----|----|--------|--------|---------|-------|---|----|----|--------|
| | I | N | U | NU | Totalt | | | I | N | U | NU | Totalt |
| ALG | 6 | | 17 | 1 | 24 | 7 | 29 | 9 | | 27 | | 36 |
| BIO | | 4 | 4 | 2 | 10 | 3 | 30 | | | 2 | 1 | 3 |
| PUT | 9 | | 2 | | 11 | 1 | 9 | 7 | 2 | 1 | | 10 |
| OPT | 1 | 1 | 9 | | 11 | 3 | 27 | 5 | | 1 | | 6 |
| SK | 10 | | 10 | | 20 | 12 | 60 | 5 | 1 | 7 | | 13 |
| VIS | | 2 | 2 | | 4 | 2 | 50 | 2 | 1 | 8 | | 11 |

Berry's World



Jim Berry

© 1992 by NEA, Inc.

"He didn't publish, so he perished."

Utdanningsstillinger, statistikk

Instituttet har mange utanlandske stipendiatar og postdoktorar og det har gitt oss eit interessant miljø å arbeida i.

Vi har sett at balansen mellom norske og utanlandske i utdanningsstillinger har endra seg siste åra. For universitetsstipendiatstillingane er dette mest markert, og det gjer det meir krevjande å få til gruppeundervisninga så kurs på 100-nivå der undervisninga er på norsk vanlegvis. Her er ein statistikk som viser utviklinga frå 2004 til 2009. For fire stillingar som vart lyst ut før jol er tendensen den same, alle 32 søkjarane var utanlandske.

| | U.stip | | Proj.stip | | Postdok | |
|------|--------|------------|-----------|------------|---------|------------|
| | Norsk | Utanlandsk | Norsk | Utanlandsk | Norsk | Utanlandsk |
| 2004 | 2 | 1 | 3 | 3 | 1 | 2 |
| 2005 | 3 | 0 | 5 | 4 | 2 | 3 |
| 2006 | 6 | 2 | 3 | 2 | 2 | 5 |
| 2007 | 0 | 3 | 5 | 8 | 2 | 4 |
| 2008 | 3 | 6 | 0 | 6 | 1 | 6 |
| 2009 | 1 | 2 | 3 | 5 | 1 | 2 |

